



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/597 - 19/6113

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
19.03.2019

## Godkjenning av tilkopling kommunalt vatn via større vassleidning for Salar bruk AS - gbnr 43/27 og 76 Ryland

### Administrativt vedtak. Saknr: 65/2019

**Tiltakshavar:** Salar Bruk AS  
**Ansvarleg søkjar:** Fløysand Va AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld tilkopling av Salar Bruk AS til kommunalt vatn via større leidning på Gbnr 43/27 og 76 på Ryland. Det vert elles vist til søknad motteke 26.02.19.

Det er trong for ny større leidning til bedrift pga. auka produksjon. Leidning vil leggjast i elv ved bedrifta, tilkopling skjer i kum ved brua. Det skal setjast på vassmålar og reduksjonsventil. Ny leidning skal ha kapasitet på 63 m/m PE og type: synkerør kombinert med med termørør.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Administrasjonen vurderer tiltaket slik at det krev ikkje nabovarsel pga. tiltakets karakter, då leidning skal plasserast i elva, langs eigen grunn til Salar bruk AS og langs kommunal grunn og koplast på i eksisterande kum ved broen.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplanen motteke 26.02.19, datert 04.02.19.

### Vatn

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## **VURDERING**

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Tilkopling**

Eigedomen er tilkopla til kommunalt vatn frå før av. No er det søkt om utviding av vassleidning. Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### **Ansvarsrett:**

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett dagsett 13.02.19.

Ansvarlege i byggesaker innerstår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav i eller i medhald av lov, jf. pbl § 23 - 1.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for tilknytning av bedrift Salar Bruk AS til kommunalt vatn med ny større leidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteke 26.02.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan. Tilknyttinga skjer på følgjande vilkår:
  - Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
  - Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
  - Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdelinga for tilvising av plassering.
  - Det skal installerast vassmålar og det skal gjevast melding til kommunen når dette skjer.
  - Det skal setjast på reduksjonsventil.
  - Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/597**

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

GBNR 43/27,76 Vikebø - legging av ny vannledning  
Tilleggsopplysninger  
Kart  
ansvarsrett

#### **Kopi til:**

Salar Bruk AS

Flakkavågsvegen 5694  
12

ONARHEIM

**Mottakarar:**  
Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG